

MØTEBOK FRÅ PARTEIGARMØTE (ÅRSMØTE) I PL FJELBERG KRAFTLAG

Tysdag 7. mai 2013 kl. 1900 i Halsnøy samfunnshus.

Det var 39 frammøtte som til saman representerte 46 stemmer totalt.

Møtet vart leia av styreformann Sverre Olav Handeland..

Konstituering:

Heidi Hvidevold vart vald til referent.

Roar Sævnø og Asbjørn Skår vart vald til å underskriva protokollen.

Atle Eide, Edvind Landa og Ingolf Sjo vart vald til teljekorps.

Det var ingen merknader til innkalling og sakslista.

Sak 1. Årsmelding for 2012.

Vedtak:

Årsmeldinga for 2012 vart samrøystes godkjent.

Sak 2. Rekneskap og årsoppgjer for 2012

Vedtak:

Styret gjer framlegg om at rekneskapen for 2012 vert godkjend slik den ligg føre. Innbakt i resultatrekneskapen er bruk av stønadsmidlar til kultur- og nærmiljøtiltak på kr. 300.000. Styret føreslår elles slik disponering av årets resultat:

- kr. 2.083.000 vert overført til annan eigenkapital.
- kr. 2.000.000 kjøpsutbytte 2013, vedtatt på årsmøte i 2012. Utbetalt februar 2013

Sak 3. Fastsetjing av godtgjersle til revisor.

Vedtak:

Årsmøtet godkjenner godtgjersle til revisor for 2012 på kr. 105.000

Sak 4. SKL Investering i BKK

Vedtak:

Årsmøte gir styret fullmakt til og forhandla med bankar om lån i samband med ein planlagd emisjon (kapitalinnskott) i SKL. Saka skal til avgjerd i omframnt årsmøte.

Sak 5. Framtidig eigarskap til breibandnett.

Vedtak:

Styret vert gjeve fullmakt til å forhandle med Kvinnherad Breiband om sal av aksessnett, og til å inngå bindande avtale om sal.

Vedtatt med 35 stemmer mot 3, 1 stemme blank. 4 personar med 7 stemmer hadde gått frå møte.

Sak 6. Val

Valnemnda har følgjande framlegg:

Sverre Olav Handeland	styreleiar, eit år
Knut Hveem	styremedlem, to år
Harald Sætre Arnevik	styremedlem, to år
Heidi Hvidevold	Varamedlem, eit år
Kjell Henning Sjo	Varamedlem, eit år
Tore Thorkildsen	Varamedlem, eit år

Alle kandidatane er spurd og seier seg viljuge. Forslaget er samrøystes i valnemnda.

Bjoaneset, 22.04.2013 Brit Synnøve Fosse Berge Gerd Røstbø Sverre Svåsand

Val av styreleiar

Det vert ikkje fremja krav om skriftleg val, det vert ikkje fremja motkanditar. Sverre Olav Handeland vart vald som styreleiar for eit år.

Val av styremedlem

Det vert ikkje fremja krav om skriftleg val, det vert ikkje fremja motkanditar. Knut Hveem og Harald Sætre Arnevik vart vald som styremedlem for to år

Styret har følgjande framlegg til nytt medlem i valnemnda:

Siv Framnes med varamedlem: Ingolf Sjo

Det vert ikkje fremja krav om skriftleg val, det vert ikkje fremja motkanditar.

Siv Framnes vart vald til nytt medlem i valnemnda.

Styresammesetjing etter valet er då:

Valperiode:

Styreleiar:	Sverre Olav Handeland	2013-2014
Styremedlemmer:	Knut Hveem	2013-2015
	Harald Sætre Arnevik	2013-2015
	Hildegunn Eiane Aathun	2012-2014
	Liv Iren Brekke	2012-2014
Observatør frå dei tilsette:		
	Ingolf Sjo	2013-2015
Varamedlemer:		
	Heidi Hvidevold	2013-2014
	Kjell Henning Sjo	2013-2014
	Tore Thorkildsen	2013-2014

Atle Eide og Tor Helge Eide vart heidra med gullkokka etter 25års trufast teneste i laget. Edvin Landa har tilslutta seg pensjonistanes rekkjer. Fjelberg Kraftlag har sers gode og trufaste tilsette.

Møtet vart avslutta ca. kl. 21.45.

Heidi Hvidevold
referent

Sverre Olav Handeland
møteleiar

Roar Sæbø

Åsbjørn Skår